

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer å få utgreidd spørsmål om feriereiser for personar som treng bistand frå heimetenesta. Bakgrunnen er brevet som blei sendt ut til foreldre før sommaren 2016.

1. Dei som har vedtak om heimetenester, har i følgje lovverket rett på hjelp der dei bur eller oppheld seg innafor Norges grenser.

Kan ein person som mottar heimetenester/heimesjukepleie reise på turar som inneber overnatting få nødvendig bistand på den aktuelle reiser?

2. Om det ikkje er på kommunen sin "tenestemeny" å gi bistand ved feriereise til menneske med nedsett funksjonsevne. Kven har da ansvar for at de får den hjelpa dei treng når dei oppheld seg andre stader enn i eigen bustad?

3. Kan ein person som mottar heimetenester reise på aktivitetar utanfor kommunegrensene? Finst det kommunale retningslinjer i forhold til kor og kor lenge personar som treng bistand kan dra på turar (vi er ute etter tal på km og tal på timer eller døgn).

4. Kva er dei kommunale retningslinjene i forhold til feriereise for dei som treng følgje/bistand?

5. I brevet frå Rådmannen vert det sagt at det ikkje er satt av budsjettmidlar til feriereiser. Kan administrasjonen gjere greie for kva eventuelle ekstrakostnadene dette er (Vi føreset at tenestemottakar betaler reise- og opphaldsutgifter for tenestytar)?

6. Kva forsikringsordningar gjeld for tilsette i heimetenesta? Er det slik at tilsette i heimetenesta ikkje har same forsikring som andre tilsette i kommunen når dei kryssar kommunegrensa eller er på kurs med overnatting i andre kommunar?

7. I dag finst det mange ulike arbeidstidsordningar innanfor desse tenestene, som er individuelt tilpassa den enkelte sitt behov. Korleis kan ein med god planlegging tilretteleggje dette utan store meirkostnader for kommunen, og innanfor arbeidsmiljølova?

8. Vi har no fått ei lov som gir menneske med nedsett funksjonsnivå rett til BPA, mange av dei som mottar heimetenester frå Meland kommune i dag vil kunne søke om BPA. Med BPA

vil tenestemottakar kunne få den bistanden vedkommande treng på ferie- fritidsreiser. Kva økonomiske konsekvensar vil det få for kommunen dersom fleire søker denne ordninga, slik at dei kan reise på ferie?

9. Kva løysingar ser Meland kommune for seg som kan gjere det mogleg for menneske med nedsett funksjonsevne å delta på reiser med overnatting i tida framover (utan å måtte søkje BPA)?

10. Å reise på ferie inngår som en naturlig del av livssyklusen til folk flest. Korleis ser administrasjonen på å ta frå menneske høve til å reise på ferie i forhold til diskrimineringslova?